



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 351/1 - veg - Landsvik - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.04.2022. Saka gjeld søknad om oppføring av vegtilkomst med lengde på ca. 65 meter på gnr. 351 bnr. 1 Landsvik. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen til tidlegare Meland kommune er definert som SB\_21 spreidd bustad og kommunen har vurdert at tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Den omsøkte vegen vil omdisponere mark som er registrert som innmarksbeite i makslagskart. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere under 3000 daa dyrka mark årleg, og dette målet skal vere nådd innan 2025. Kommunen har eit klart ansvar for å nå dette målet. Vegen vil også splitte opp eit samanhengande område med innmarksbeite, noko som kan vere uheldig arealdisponering i eit langtidsperspektiv.

Kommunen må gjere ei grundig vurdering av landbruksomsyna i saka. Vi ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN